

STYREMØTEPROTOKOLL 14.05.2019

Stad: Thon hotell, Skei

Tidspunkt: 17:00

Desse møtte: Siv Merete Stadheim, Tor Magne Gangsøy, Irene Lunde, Silje Marita Vallestad, Karen Weichert, Odd Henrik Berge (1. vara), Anita Taftø (medlem naturvernutvalet), Vigdis Flaten Kvamme (kurs- og fjellsport), Lars Røyarhus (UNG-utvalet), Astrid Kalstveit (dagleg leiar), Jette Bergfjord (prosjektleder born og unge)

Meldte forfall: Ron Overdevest (naturvernutvalet)

Lars og Karen var ikkje med på punkt 26, sidan dei måtte reise for å nå ei ferje.

Saker

Sak 18 Innkallinga blei godkjent.

Sak 19 Protokoll frå styremøtet 6.4.19 blei godkjent og signert.

Sak 20 Orienteringssaker

Merking av stiar til dagsturhytter i fylket

Kjell Arne Hjellbrekke (som SFT) møtte Sparebankstiftinga SF for å drøfte midlar til skilting (med T-logo) av dagsturhyttene i fylket frå fylkesveg. T'en forpliktar til vedlikehald. Det kan også søkjast om spelemidlar. Det skal lagast grunneigaravtalar mellom Fylkeskommunen/kommunen og grunneigarar. Det blir halde kurs for dei som skal merke/skilte. Skal sendast førespurnad til lokallaga om dei vil bidra.

- Positive til å bruke DNT-merking
- burde bli ei driftsavtale (SFT kan utforme lik avtale for alle) dersom lokallaga tek ansvar for vedlikehald. Nokre lokallag har allereie avtale for vedlikehald av hyttene.

Regional plan for kultur-invitasjon til innspelsmøte om handlingsprogram 2019-2022

Møte tysdag 4. juni i Førde. Siv Merete hadde innspel som styret gjekk gjennom. Blir sendt rundt på e-post slik at styret kan gje innspel.

Aktuelle saker Naturvernutvalet:

- Fleire støttmarsjar i fylket for naturen 12. Mai. FNF sende på vegne av organisasjonane ei pressemelding 12. mai og eit avisinnlegg i førekant til avisene.



- 22. mai: seminar i Førde om vindindustri på land.

Seminar «Vindindustri på land – miljøbidrag eller miljøbedrag?». Sjå meir info her:

<http://www.fnf-nett.no/17400.Seminar-om-vindindustri-og-nasjonal-ramme-for-vindkraft-pa-land.html>

- **23. mai 2019 - Regionalt innspelsmøte i høve høyring av NVE sitt forslag til nasjonal råde for vindkraft på land**
- **27. mai 2019 – Ope informasjonsmøte om utbyggingsplanane for Bremangerlandet vindkraftverk**
Bremangerlandet Vindpark AS inviterer til ope informasjonsmøte om utbyggingsplanane for Bremangerlandet vindkraftverk. Møtet finn stad måndag 27. mai 2019 kl. 18.00 på Knutholmen.
- **3. – 4. juni 2019 – NVE's Vinkraftseminar 2019**
Det årlege vindkraftseminaret til NVE vert i år arrangert i Drammen 3. og 4. juni. Sjå meir info her: <https://events.provisoevent.no/web-sites/090a7ee0-cfb3-4c7e-a345-f3569ba0204c/Hovedside>
- **12. juni 2019 – FNF arrangerer møte om vindkraft i Sunnfjord og Sogn**
Ope informativt møte om vindkraft i Sunnfjord og Sogn vert halde på Sande i Gaular 12. juni kl. 19:00 – kl. 21.30
- 21. mai: Grunneigarmøte i Vadheim, arrangert av BKK og Zephyr på Sogn Hotel AS i Vadheim.

Aktuelle saker Kurs- og Fjellsportutvalet:

- 8 deltakar grunnleggjande turleiarkurs Sylvarnes. Der var fleire som bør gå vidare til sommarturleiarkurs.
- Klatrekurs på Sageflåten 11.-12. mai er avlyst grunna få påmelde.
- 14.-16. juni UNG-turleiarkurs, berre 1 påmeldt så langt.
- Rune har meldt seg på brekurs
- Fjellsportutvalet v/Vigdis kunne tenkt seg å besøkje Basecampen i Tungestølen for å komme i kontakt med ungdommane.

Aktuelle saker UNG-utvalet:

- Har delteke på UNG-landsmøtet. Resolusjon om vindkraft. Handlingsplan for inkludering.



- Jakob Haavik kom inn i DNT-UNG-landstyret
- Prøver å starte opp UNG-gruppe i Sogndal. ST er veldig positiv. Skal kontakte vidaregåande skule. Introkurs kajakk (3 timar) for ungdom i midten av juni.
- Samarbeid mellom Barnas Turlag og DNT UNG – for å sikre kontinuitet
- Opptur

Sak 21 Økonomi

Gjennomgang periodisert budsjett/rekneskap SFT. Sjå vedlegg.

Sak 22 Val av ny representant til Sogn og Fjordane vassregion

Naturvernutvalet får mandat til å oppnemne ein representant.

Sak 23 Styreinstruks Sogn og Fjordane Turlag.

Vedtak: Styreinstruks blei vedteken etter nokre små endringar (språkvask).

Sak 24 Instruks for valkomitéen sitt arbeid

Det blei lagt fram eit utkast som styret drøfta vidare. Blir sendt til valkomiteen for å få innspel frå dei.

Ferdigstilt instruks skal vedtakast på neste styremøte.

Sak 25 Gjennomgang av landsmøtesaker

- Under budsjettpunktet er det føreslege ei ressursauke til DNT-UNG. Eit innspel frå SFT kunne vere at ressursane bør fordelast ut i lokallaga, og ikkje berre ligge til DNT-sentralt.
- Resolusjon: Utlån av utstyr. „Bua“ er eit bra tiltak.
- Felles kontingent i DNT: Det er smart å ha samordna pris (vi er positive til forslaget), men SFT synest at DNT-prisane byrjar å bli for høge og ikkje bør aukast særleg framover.
- Handlingsplan for arbeidet med vindkraft. Det blei drøfta om DNT også bør meine noko om i kva område det bør opnast for vindkraft.
- Landsmøte anna kvart år: SFT er oppteken av at ein har møteplassar lagt til helg, dersom det blir landsmøte anna kvart år (også når det er kvart år). Dersom anna kvart år blir bestemt, bør det gjelde heile organisasjonen (fjellsport, UNG, osv.)
- Ethiske retningslinjer: SFT hadde dette temaet oppe på årsmøtet.



Sak 26 Status i arbeidet i høvet regionalisering

Silje gav ei grundig oppsummering av arbeidet som gruppa har utført hittil. Neste møte er planlagt 15. mai og blir eit fysisk møte i Førde. Alle arbeidsdokumenta til gruppa er lasta opp i Office 365 og styret kan sjå nærare på innhenta opplysningar og referat m.m.

Arbeidsgruppa held fram og ser på føremoner og ulemper i høve dei ulike modellane.

Dei alternative modellane som vert utgreia er:

- Organisert som i dag
- Organisert som i dag, men gjere endringar innad i vår organisasjon
- Samanslåing med begge eller ein av dei andre foreiningane i det nye fylket
- Organisert som i dag, men samarbeidsavtalar

Modellane og utgreiingane vil bli overlevert til styret SFT i juni, og dette vert eit av hovudtema under fellesmøtet til hausten.

E-post vert også sendt lokallaga frå SFT, med spørsmål om dei har nokre tankar omkring temaet alt nå.

Sak 27 Ymse

Kva oppgåver fokuserer styret på framover?

Prioritert:

- Vedtektsendring dersom skal vedtakast på neste årsmøtet,
- Handlingsplan 2020 og samordning med strategiplanen,
- mandat til sti- og hytteutvalet

Kan vente til neste år:

- Turmagasinet
- Gjennomgang av Retningsliner SFT

Neste styremøtet blir onsdag 11. september

Fellesmøte blir 2.-3. november på Gloppen Hotell/Trivselsskogen.

Protokollant: Karen Weichert og Astrid Kalstveit

